Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Dei kloke

Oppskr. av: Olav Nordbø.

(adresse): Bø, Telemark

Fylke: Telemark

Herad: Bø.

Bygdelag:

Gard: Nordbø.

G.nr. 58 Br.nr. 8 o.fl.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. røynsle opplysningar

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I alle bygder har det vore
kloke folk, i Bø og.
Det var fåe her kom
doktorar. Men some dreiv nok
seinare og.
Dei koka urter og laga på
den måten medisin, heime-
råder som dei nytta. Var
nokon var sjuk søkte dei råd
hjå desse kloke.
Steinulv Flita f. 1757, d. 1831
var bygdedokter og ein klok
kar, bygdepolitikar o.s.b.
Han stelte til lækjeråder
som han nytta og som
han hjelpte folk med.
Kva slag han bruka i
lækjerådene, veit eg ikkje.
Han hadde ei dotter
Bergit som blei gift med
Tóren Åse i Heikjølbygda,
ho var f. 1818, d. 1882.

15337

Ho var lækjekvinne, som
det heiter i sogaen.
Vår folk var sjuke gav ho
dei lækjeråd. Truleg hadde
ho lært kunsta av Faren
sin.
Den mest kjende bygdedoktor
er vel Søren Trondson Kåsa.
f. 1801. Han reiste bygda rundt
med ei lita taske som han
hadde sjøllaga dokter-reidskap i.
Han blei henta både til folk
og kreatur. Han spjelka bein
og vart henta til sjuke folk.
Og han var fast dyrlækjar og.
Folk hadde stortru på Søren
Trondson Kåsa. Og han freiste
halda folk oppe ved å gje dei
godt humør, tru og livsmot.
Da han døde i 1879 samla
dei inn pengar til ein stein
på grava hans. Der det står
at steinen blei reist av
bygdefolket for alt han hadde
gjort for bygdefolket.
Han var ein velgjerdsmann
for bygda-folket.
I kvar grend hadde dei
vanleg sine „kloke" folk,
ofte kloke koner.

15337
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tome nytta trolldom og t. d. henta mold av kyrkje-garden. Dei nytta og ekskre-menter av folk og dyr.

Elles var her mange som drein og koppa og årelatte. Det er ikkje lenge sia dei slutta med det. Eg kan hugse dei henta ein slik ~~ti~~ mann til min beste-far som var ille av gikta. Det var kring 1904.

Eg høyrde min beste-far Olav Gr. Nordbø, f. 1835, d. 1926 fortelje at han var så ille av gikt. Så fekk han ein til å koppe seg, og det drog sjukdomen ut gjenom armar og fingar, og han blei kvitt gikta.

Eg tala med ei gamal kone, ho lever ennå. Ho fortalde at ho laut ta ei tann og reiste til dr. Ludvigsen i Bø. Han tok tanna. Da sa eg høgt: Atus, min gje meg ei gulltønn i staden for ei beintønn! Det høyrde ho nøgt av mor sei. Da lo dokteren.

15337
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det var ein gamal mann
som slakte seg juleftaum –
og så drakk han opp ein
bolle med jule-ål.
Dei hogg vede or le og veg
i fre. Det var og ei
råd.
Dei brende bål og røyken
kunne vera lekjeråd, t.d.
når dei hadde nårisle.
Galde lebi nytta, og meig
(piss) nytta dei når dei hadde
frostsår. Og hadde dei
meig i sår, verkte dei
ikkje opp.
Eit lik kunne ta med seg
vorter. Da min langbeste-
far Gregar O. Nordbø f. 1799
d. 1874 låg på likstrå, kom
ei kone med ein gjentunge
som var ille av vorter,
og gjekk bort til liket, nemnde
han på namn og bad han
ville ta med seg vortene.
Elles smurde dei vortene
med fleskesvor og gøymde
han. Det har blitt bruka
rodt til det siste
Og mot skognag nytta dei
ei hine som ligg på ein
elds-glod i gruva.
Det var mange slike rådgjerder.
Dei drakk såleis nordrennande
vatn mot sott og sjukdom.

15337
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ute ved Brubekk, i deila millom
Bøherad og Nesherad, budde ein
mann som dreiv som kvaksalvar,
bygdedokter. Det var ein som kom til
han og ville få lækjeråd til ein
sjukdom. Den „kloke" gjekk då bort
og stakk ein kniv inn i veggen, så
drog han tilside ein lemm. Og
innafor var eit rom. Der hadde
han „apoteket" sitt.
Øvrigheita var på jakt etter slike
„kloke", difor laut dei vera var-
same. Eg syns huge denne mannen
heitte Olav Huset.

Her var folk som dreiv fostertyning
og. Men det hende nok sjeldan, trur eg.
Men dei fortel om ei gjente som ein
mørk kveld strauk av stad til ein
mann, og ~~ho~~ tok med eit tjeld som
ho bar på armen. Det hetast at
ho gav han tjeldet for at han skulle
tyne fosteret. Dei hadde visse
rådgjerder til det og, bl. a åre-
lating.

Somme stader var det prestar som
kunne gje råd og hjelp.
Når dei tok tennene, slo dei dei i
Kobbestolen. Det har dei gjort i Bø-
rad til det siste. Vi har ein
slik stol.

15337

Mot kikhosten nytta dei nord-
rennande vatn. Eg tyndi godt
eine svann som sprakte av kokal
og ~~nyt~~ henta nordrennande vatn.

Gunnulv Nordbø f. 1819, d. 1901, var
litt av ein bygdedokter. Han nytta
mell. a. makke-smørju og maur-
spiritus.

Det var noko dei kalla „ploggje!" Det
kom brått, som det skulde vera
fløge på dei, derav ploge. Eg har tala
med folk som har hatt det. Når nokon
sa: „Eg vil fluga av stad —" „Eg vil vera
sjo skjot —" Da kunne nokon få ploget.
Når dei kom fram, tok dei i deim sjukt,
og han var bra på stad og plokk.

Når ein hadde skamhogge seg, tok dei
ut klesplagg hans åtte, t.d. ein vest, og tok ut
til ein som kunne stemme blod.

Det var ein som hadde skamhogge seg.
Dei tok ut til Reidar Gletterud, Nesheral
og bad han ville koma — Han tok og feslå
i kveskofte. „Nå er det ordna", sa han.

Dei tok jord under kyrkje-skruvne.
Dei reta ring kring ormestyngen.

Spå-Kalle tok ei skål, der såg dei tjuven
Han sa: „Skal eg ta augae." Da stakk han ei
nål i vatnet, og tjuven miste augae.

Trollkjeringar sat. Rett ut handa: „Den Ho gror
i oldmørja. — Da hadde ormegifta samla seg
i ei blank blåse. Den ormestukne var god att.

15337
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING